



Til elevar og foreldre i 7. klasse ved Leiknes skule

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/3544 - 19/33130

Saksbehandlar:

Leif Bjørnar Hopland

leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no

Dato:

12.11.2019

Førehandsvarsel om kringsgrenser - Leiknes skulekrins

Opplæringslova § 8-1 omhandlar kva skule eleven skal gå på. Lova opnar for at kommunen kan fastsetja kva geografisk område som skal vere den enkelte skulen sitt opptaksområde (kringsgrenser).

I samband med rullering av kommunedelplan skule 21.mars 2013 vedtok kommunestyret følgjande forskrift om kringsgrenser for ungdomssteget gjeldande frå og med skuleåret 2013-2014:

Som hovudregel vert opptaket av elevar gjort etter følgjande områdeinndeling for ungdomsskulesteget frå skuleåret 2013-2014:

- 1. Knarvik ungdomsskule har som opptaksområde Alversund, Festo, Knarvik og Seim skulekrinsar.*
- 2. Ostereidet ungdomsskule har som opptaksområde Ostereidet b, Leiknes, Eikanger og Kløvheim skulekrinsar.*
- 3. Lindås ungdomsskule har som opptaksområde Lindås b (inkl. Åsheim), Myking og Skodvin skulekrinsar.*

Vidare:

Etter søknad kan elevar verta tatt opp ved annan skule enn det som gjeld som hovudregel. Nærskuleprinsippet etter §8-1 gjev elevane ein rett til å gå på næraste skule. I vurderinga av kva som er næraste skule ligg både geografiske og trafikale tilhøve. Ved søknad om opptak ved annan skule vil det utover nærskuleprinsippet verta lagt vekt på avstand til skule, trygg skuleveg, kvar søsken går, kapasitet ved skulane og eleven sine behov fagleg og sosialt.

Til grunn for denne inndelinga ligg det ei vurdering av kapasitet på Knarvik ungdomsskule, elevane sin alder og skulevegen elevane vil få til Ostereidet. Det er og teke omsyn til eit ynskje om ei god utnytting av kommunen sine tre ungdomsskular.

Rådmannen legg til grunn at alle elevane på 7. trinn ved Leiknes skule skuleåret 2019-2020 skal gå vidare til Ostereidet ungdomsskule skuleåret 2020-21, i tråd med vedteken forskrift om kringsgrenser. Men, geografisk avstand mellom elevane sin bustad og skulane, kan vise at Knarvik

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



ungdomsskule ligg nærare heimen. Elevar som dette er aktuelt for kan søkje om skuleplass på Knarvik ungdomsskule.

For å få ei likeverdig handsaming av søknader og at ikkje «først-til-mølla-prinsippet» vert rådande vert **søknadsfristen sett til 15. januar 2020.**

Søknadane vert handsama administrativt. Elev og foreldre vil motta brev med vedtak i månadsskiftet februar/mars. Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast. Ei tidleg avklaring er viktig for at elevane i god tid skal vite kva ungdomsskule dei skal gå på og for å sikre skulane tilstrekkeleg tid til planlegging av neste skuleår.

I handsaminga av søknadane vert følgjande kriterier vektlagt:

- Avstand til Knarvik ungdomsskule jf. rutereknaren til SKYSS: <https://kart.hfk.no/skoleskyss/>
- Søsken som er elev på Knarvik ungdomsskule.
- Særlege grunnar knytt til andre regelmessige opplæringstenester i Knarvik.
- Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg.

Søknad om plass på Knarvik ungdomsskule kan sendast som e-post til postmottak@lindas.kommune.no eller som brev til Lindås kommune v/ rådmannen, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Denne e-posten og adressa kan fram til 15.januar nyttast, sjølv om Alver kommune får ny adresse etter kommunesamanslåinga 1.januar 2020.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef

Leif Bjørnar Hopland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Katrine Hopland
Morten Olsen Schulstad
Wenche Rand Øyre

Mottakarar:

Til elevar og foreldre i 7. klasse ved
Leiknes skule